

Årsmelding Marås 4H 2018

I år starta vi med 40 medlemmer, men det var 30 som stilte ut prosjekta på høstfesten. Vi har hatt 13 medlemsmøter, 9 styremøter og to gruppemøter.

Vi begynte 4H året med eit møte på Marås med bli-kjent leikar og informasjonsmøte for foreldre.

I februar arrangerte vi skidag i Stordalen for medlemmene, det var 49 påmeldte. Noen hadde aldri stått på Slalåm før, medan andre hadde erfaring frå før. Det var leid inn instruktør. Det var fint vær heile dagen, men kaldt så det var godt å få servert tomatsuppe, fiskesuppe og vaflar.

Vi har hatt eit møte der vi jobba på gapahuken vår. Hard jobbing og ostesmørbrød på bål. Sjølvsagt måtte vi også spele litt volleyball. For dei som er 1.års Junior blei det også arrangert swingkurs.

Kvart år har vi eit møte der vi ryddar boss langs hovudvegen rundt Marås. Dette gjer vi fordi vi får låne huset gratis og vil gje noko tilbake.

Vi markerte 4H dagen med å sove «under open himmel». Det vart laga mat på bålpanna, og på tross av været var det veldig vellykka.

Klubben har arrangert «Black & White» ball, med godt oppmøte.

I mai hadde vi eit møte der vi gjekk ein orienteringsløype. Som avslutning før sommaren var vi på Manger ridesenter. Der fekk vi prøve riding og rappellering.

På Landsleir deltok det 4 medlemmer. Det var tre klubbrådgivere og fire styremedlemmer som deltok på klubbrådgiversamlinga og superkurset.

Hausten har for det meste gått til underhaldnings-planlegging og øving, men også plakatlagning til utstilling og demonstrasjoner. Underhaldninga i år var «Marås Talenter». Medlemmene planlagde eit talentshow, med inspirasjon frå talentshow. Det var trylling, synging og mykje anna gøy.

Høstfesten var vellykka. Det kom cirka 80 stykk. Det var mange varierte utstillingar, alt frå bilcross til syng. Alle har jobba godt med prosjekta sine, og alle fekk dei godkjente.

Referent
Vilde Kvamme